

*Oddbjørn Bukve*

## **Fylkeskommunane - regionale utviklingsaktører i klemme**

### **Rolla som utviklingsaktør**

Gjennom den nasjonale politikkkutforminga dei siste åra er fylkeskommunane tildelte ei etter seiande ny rolle, rolla som regional utviklingsaktør. No vil eg hevde at rolla som utviklingsaktør ikkje er noko nytt for fylkeskommunane. I alle fall er den ikkje ny for distriktsfylka, som har hatt ei viktig rolle i det regionale utviklingsarbeidet like sidan den nye fylkeskommunen vart oppretta midt på 1970-talet. Det nye ligg vel helst i måten ein no til dags tenker denne rolla på, med stor vekt på partnerskap og regionale utviklingsprogram, som skal lagast i samarbeid mellom offentlege utviklingsaktører og næringslivet. Bygging av partnerskap kom inn som ein sentral ambisjon i norsk regionalpolitikk rundt midten av 1990-talet. Bakgrunnen for dette er delt. På den eine sida har inspirasjon frå arbeidsmåtar i utviklingspolitikken innan EU vore viktig. I EU har samarbeid mellom ulike offentlege og private aktører vore eit viktig innslag i utviklingspolitikken. Partnerskap mellom aktører er eit sentralt krav til dei programma som skal få midlar frå EU sine strukturfond.

På den andre sida har partnerskapstenkinga ei rot i omorganisering av det norske systemet for regional utviklingspolitikk. Det vart behov for auka samarbeid mellom dei offentlege aktarane på regionnivået etter opprettinga av Statens Nærings- og distriktsutviklingsfond i 1993. Det nye SND overtok ansvaret for bedriftsretta verkemiddel frå fylkeskommunane. Verkemidla i regionalpolitikken var dermed delte mellom fylkeskommunen, som hadde ansvaret for tilrettelegging, SND med ansvar for bedriftsretta verkemiddel, og fylkesmannens landbruksavdeling som forvalta bygdeutviklingsmidlar. I tillegg hadde Aetat ansvar for verkemiddel mot si målgruppe, som støtte til å etablere eigen arbeidsplass for dei som var ledige.

Den nye organiseringa av regionalpolitikken stilte auka krav til samordning mellom fleire offentlege aktører. Dette var ei av dei oppgåvene som blei tillagt dei regionale utviklingsprogramma, som fylkeskommunane har vore pålagde å utarbeide sidan 1995.

Korleis samarbeidet mellom dei offentlege aktørane på fylkesnivået skal gjennomførast, har langt på veg blitt konkretisert gjennom føringar frå Kommunal- og regionaldepartementet. Såleis er dei regionale SND-kontora, fylkeskommunane og fylkesmennene sine landbruksavdelingar pålagde å utarbeide partnerskapsavtalar og å forhandle om fordelinga av midlar til regionale utviklingsformål. Tildelingsstrategiane for støttemidlane har variert. I 2000 fekk SND også hand om den bedriftsretta delen av bygdeutviklingsmidlane, og ein del av sakshandsamarane hos fylkesmennene vart overførde til SND. Men frå 2003 går også midlane til SND vegen om fylkeskommunane, slik at SND og fylkeskommunane må forhandle om kor mykje av midlane til regional utvikling som skal forvaltast av SND og kor mykje fylkeskommunen sjølve skal forvalte. Såleis har dei regionale aktørane vore nøydde til å forhalde seg til ei rekke nasjonale avgjerder om nye arbeidsformer.

Føringar på bruken av utviklingsmidlane skal altså gjevast i dei regionale utviklingsprogramma. Desse skal igjen vere forankra i fylkesplanar og strategiske næringsplanar på fylkesnivå. Samstundes har dei enkelte organa på regionnivået føringar frå sine nasjonale organ om kva dei skal satse på. I politikkdokumenta frå KRD har fylkeskommunane såleis fått signal om t.d. å passe på kvinneperspektivet i utviklingsprogrammet, å bake inn utkantsatsinga til departementet og å legge vekt på utvikling av funksjonelle regionar. Gjennom årlege evalueringar har departementet vurdert programma etter korleis dei oppfyller nasjonale politikk målsetjingar og andre kriterium. Også SND sine regionkontor, fylkesmennene og Aetat har nasjonale føringar på sin aktivitet, og dei utarbeider som regel sine egne handlingsprogram i tillegg til at dei deltek i arbeidet med dei regionale utviklingsprogramma. Såleis er det mange former for styringssignal som skal samordnast gjennom dei regionale utviklingsprogramma. Faren er definitivt til stades for at utviklingsprogramma kan bli eit kompromiss mellom dei strategiane dei enkelte aktørane allereie har, meir enn eit forum for utvikling av nye felles strategiar.

### **Fylkeskommunane sin situasjon i dag**

Eg har sympati for tanken om å gjere det regionale forvaltningsnivået til utviklingsaktør. Men samstundes kjenner eg meg nokså sikker på ein ting: Rolla som regional utviklingsaktør er ikkje noko ein kan tildelast utanfrå, av staten eller andre. Dei som vil vere utviklingsaktører, må både spele rollene og skrive manuset sjølve. For den som legg opp til å spele rolla som utviklingsaktør berre etter staten sitt manuskript, er ikkje lenger utviklingsaktør i ordets rette forstand. Då har ein redusert seg sjølv til statstenar, til iverksetjar på vegner av staten.

Kanskje er det dette som har vore største problemet for norske fylkeskommunar gjennom det siste tiåret. Fylkespolitikarane har i for stor grad funne seg i å vere lydige og lojale iverksetjarar på vegner av staten. De har høvla der det høvlast måtte, medan rikspolitikarane har lova utan alltid å betale rekninga. Resultatet er at fylkeskommunane har komme på defensiven i den politiske debatten og i omdømmet til folk flest. Riksmedia har i årevis ført ein iherdig kampanje for å fortelje oss kor ubrukelege fylkeskommunane er. Det har dei gjort med suksess. Førstellingar om unødvendig byråkrati og dobbelarbeid på fylkesnivået har hatt sterk gjennomslagskraft. Etter kvart er det ikkje mange som har noko godt å seie om fylkespolitikarane. Gjennom overføringa av næringsarbeidet til SND og etablering av dei nye helseforetaka har de også tapt oppgåver som vart oppfatta som heilt sentrale i den tradisjonelle fylkeskommunen, slik den vart utforma i tida etter 1976.

Det saklege innhaldet i kritikken av fylkeskommunane kan absolutt diskuterast. Det meste av forskingsbaserte evalueringar tyder på at fylkeskommunane har utført oppgåvene som iverksetjarar av nasjonal politikk på dei enkelte tenesteområda både ryddig og lojalt. Men kanskje er det nettopp der problemet ligg. Fylkeskommunane har vore prega av mange tunge iverksetjingsoppgåver under til dels vanskelege rammevilkår. Fokus har nokså uunngåeleg blitt retta mot dag-til-dag-oppgåvene og brannsløkking på område der det ikkje har vore nok pengar til å dekke behova. Skal eg kritisere tidlegare fylkespolitikarar for noko, må det først og fremst bli fordi dei har blitt sitjande fast i arbeidet med dei kortsiktige iverksetjingsoppgåvene. Dagens

problem har fortrenget morgondagens visjonar. Frå denne synsvinkelen kan statleggjinga av helseforetaka oppfattast like mykje som ei frigjering som eit tap for fylkespolitikarane. No har vi fått ei opning for regionalpolitikarar som fører an i dei store debattane om samfunns- og næringsutviklinga i regionane, og ikkje minst om fordelinga av makt og demokratiets vilkår i det norske samfunnet. Men dette er ikkje ei rolle dei kan tildelast. Dei må erobre ho.

Noreg har tradisjonar som ein einskapsstat, der nasjonal styring og standardisering dominerer over den lokalt og regionalt tilpassa problemløysinga. Men når det einaste gangbare alternativet til politisk sentralstyring i dag synest å vere at politikken abdiserer til fordel for marknaden, er samfunnsdebatten blitt fattig. I ei stadig meir globalisert verd trengst det lokale og regionale demokratiet, fordi det er her ein kan sameine fleksibilitet og tilpassingsevne med det gamle idealet om *polis* - eit samfunn som tek avgjerder ut frå ein opplyst felles diskusjon. Derfor treng ein dei folkevalde i regionane.

### **Regionane og den nye økonomien**

Kvifor bør så regionalpolitikarane ha utviklingsarbeidet høgt oppe på sin dagsorden i åra som kjem? Det kyniske svaret kunne sjølvsgatt vere at det handlar om deira eiga framtid som regionalpolitikarar. Fylkeskommunane blir ikkje lenger oppfatta som nødvendige for at innbyggjarane skal få dei tenestene dei treng. Helseinstitusjonane er overtekne av staten, og mange kommunar kan gjerne tenke seg å overta ansvaret for dei vidaregåande skulane. Då blir utviklingsoppgåvene den resten som står igjen, den som regionalpolitikarane får ta til takke med.

Det er ikkje fritt for at denne kyniske innfallsvinkelen slår gjennom i ein del av mediekommentarane om "den nye fylkeskommunen". Etter mi meining er denne innfallsvinkelen ikkje berre defensiv, den er også kunnskapslaus. Om vi rettar blikket litt utover våre eigne grenser, ser vi i land etter land at det er regionane som står fram som dei sentrale utviklingsaktørane. I ei rekke europeiske land har det blitt oppretta nye regionar med folkevalde forsamlingar og eit spesielt ansvar for

utviklingsoppgåver. Dette er tilfelle til dømes i Frankrike, Spania og Italia. I Sverige er det forsøk med nye regionar på gang. I andre land er det derimot slik at etablerte regionar har fått nye oppgåver. Tilhøvet mellom regionane og staten varierer frå land til land. I enkelte tilfelle opptre regionane som sjølvmedvitne maktsentra i til dels open konkurranse med dei nasjonale styremaktene. Slik kan vi sjå det til dømes i Nord-Italia, i Katalonia og i Baskarland. I andre tilfelle, som England og Sverige, synest staten sine ambisjonar om eit nytt regionalt apparat å vere viktigare for dei nye regionale organisasjonsformene.

Etter mi meining er den utviklinga vi ser rundt oss ikkje tilfeldig. Den er svaret på heilt grunnleggande samfunnsendingar. Det som det er tale om, er overgangen frå eit industrisamfunn til eit kunnskaps- og informasjonssamfunn. I denne overgangen er vi vitne til framveksten av ein ny økonomisk utviklingsmodell, der regionane får ei sentral rolle. At vi er i ferd med å få eit kunnskaps- og informasjonssamfunn, tyder ikkje nødvendigvis at alle skal arbeide med høgteknologi og data. Men det tyder at den viktigaste kjelda til økonomisk overskot ikkje lenger ligg i bruken av naturressursar, energi og arbeidskraft i seg sjølv. Den viktigaste kjelda til overskot i dagens samfunn ligg i den kunnskapen og informasjonen ein er i stand til å bygge inn i dei varene og tenestene ein produserer. Vinnarane i den nye økonomien vil vere dei som er i stand til å nytte kunnskap for å bearbeide informasjon og kople dette til produksjon. Dette gjeld uansett om ein driv med bioteknologi, aluminiumsproduksjon eller fiskeoppdrett.

Den nye økonomien er global, men samstundes ser vi at regionane får ei meir sentral rolle i økonomisk utvikling enn før. Dersom koplinga mellom kunnskap, informasjon og produksjon er eit sentralt element i økonomisk utvikling, blir gode sambandslinjer eller nettverk bedrifter imellom og mellom bedrifter og kunnskapsprodusentar ein viktig konkurransefordel. Og denne typen nettverk oppstår som regel i eit fysisk rom, i ein region. Det var på 1980-talet at økonomar og geografar oppdaga den vekstkrafta som låg i nettverka mellom bedrifter med ulike funksjonar og kompetanse. Dei byrja å tale om nye industrielle distrikt, om lærande regionar, om regionale innovasjonssystem, nye industrielle rom og – kanskje mest kjent av alle – om

regionale næringsklynger. Bak desse omgrepa ligg mykje av dei same funna: nyskapande og vekstkraftige næringar er gjerne karakteriserte av at fleire bedrifter etablerer seg i same område, at det rundt dei finst eit miljø av rådgjevarar og kunnskapsbedrifter, og at dei regionale styresmaktene spelar ei aktiv rolle.

I Noreg har vi lenge brukt Sunnmøre som døme på betydninga av ein entreprenørkultur og nettverk mellom bedrifter i ein region. Møbelindustrien på Sunnmøre voks fram mot alle odds når det galdt naturgjevne føresetnader for ein slik industri. Men på Sunnmøre har fagkunnskap og leiingskompetanse blitt overførte gjennom uformelle nettverk og læringssystem i fleire mannsaldrar. Og industriunderet på Sunnmøre er framleis levande. Men dei nye studiane av industrielle distrikt og regionale innovasjonssystem syner veldig klart at i dag kan ikkje veksten sikrast gjennom bedriftsnettverka åleine. Offentlege institusjonar er viktige som tilretteleggarar. Direkte medspelarar som kunnskapsinstitusjonar og verkemiddelapparat må og vere kopla på nettverka. Mange vil snakke om eit regionalt innovasjonssystem først når alle desse aktørgruppene er tett inne i eit forpliktande samarbeid.

Aktørane i økonomien lærer saman og av kvarandre. Læringa er likevel ikkje uavhengig av dei reglane og rutineane, verdiane og normene som blir etablerte over tid og som pregar både bedrifter og offentlege etatar. I denne forstand må ein forstå læring, tilpassing og innovasjon som prosessar som er prega av det samfunnet og dei institusjonane som produserer dei.

Når ideane frå moderne økonomisk og sosiologisk teori blir nytta på regional utvikling, legg ein til grunn at nærleik mellom dei aktørane som skaper innovasjonar er særskild viktig. Nærleiken fører til større tillit mellom ulike økonomiske aktørar, anten det er tale om bedrifter, kunnskaps- og undervisningsinstitusjonar eller offentlege styresmakter. Når tilliten aukar, blir òg læringa og samhandlinga meir effektiv. Kunnskapen innanfor dette systemet er dessutan knytt til regionen si historie og erfaringar. Den er til dels taus kunnskap, det vil seie kunnskap som er uformell og

uskriven. Dette gjer at innovasjonsprosessane vanlegvis er knytt til produkt og næringar som historisk har prega regionen.

No er det likevel ikkje slik at di tettare nettverk di betre. For tette nettverk kan også verke konserverande, ved at dei held ved like og forsterkar tradisjonelle oppfatningar og haldningar. Det kan derfor vere slik at det er dei opne nettverka, prega av såkalla veike band (Granovetter 1973) som er dei mest effektive for å fremje innovasjon og nyskaping. I eit nettverk der det finst mange veike band, er sjansane større for at impulsar til innovasjon og endring når fram. Det tette og det opne må balanserast mot kvarandre.

Slik fann eg i doktorgradsavhandlinga mi (Bukve 2001) at det er nettverk som er samansette av ulike aktørar som er mest effektive for næringsutvikling i norske lokalsamfunn. I ein samanliknande studie av åtte lokalsamfunn fann eg nokre felles trekk ved dei som har lykkast best i sitt arbeid med næringsutvikling. Dei har blant anna mange og velutvikla arenaer for samhandling på tvers av grensene mellom bedrifter, organisasjonar og styresmakter. Dei er kjenneteikna ved at nettverka rundt næringsutvikling er heterogene, det vil seie at dei rekrutterer ulike typar deltakarar frå ulike sektorar i samfunnet. Det tredje trekket er at dei er opne og inkluderande, ved at dei maktar å integrere mange av dei viktige lokale aktørane. Samstundes fann eg at det er ein tidkrevjande prosess å utvikle den naudsynte tilliten og samhandlinga innan nettverka. Dette er ein prosess som ikkje lett kan planleggast.

Ein ny og mykje diskutert studie av vilkåra for regional økonomisk utvikling er Richard Florida (2002) si bok om "The Rise of the Creative Class". Florida hevdar ut frå sine studiar av innovasjonar og regional utvikling i USA at dei mest innovative samfunna er dei som tiltrekkjer seg dei uortodokse og kreative individa, som han kallar talenta. Dei kreative talenta finn seg ofte ikkje til rettes i tradisjonelle samfunn. Dei trivst ikkje i dei tette og kontrollerande nettverka som kjenneteiknar Putnams idealsamfunn med høg sosial kapital. Talenta si verd er prega av flyktige og opne nettverk. Når enkelte byar står fram som motorar i innovasjonsutviklinga, heng det

saman med dei sidene ved samfunnet som gjer at dei maktar å tiltrekkje seg mange frå den kreative klassen, seier Florida.

Det går altså føre seg ein fagleg diskusjon om kor tette nettverk og sosiale band som er produktivt for innovasjon og regional utvikling. Noko av dilemmaet er kanskje at det er ulike vilkår for genuint innovative prosessar og for effektiv spreing og iverksetjing av kjende innovasjonar. For utviklinga i ein gitt region kan det siste være like viktig som det første.

Den amerikanske økonomen Michael Porter vart for ti-femten år sidan kjend for ideen om næringsklynger som drivkraft i økonomisk vekst og innovasjon (Porter 1990). Ei bedrift eller ei næring eksisterer ikkje i isolasjon, seier Porter. Ei næring står i samband med andre næringar som til dømes underleverandørar, serviceprodusentar og kunnskapsprodusentar. Konkurranseskrafta blir avhengig av samspelet i heile denne klynga, ikkje berre av den enkelte bedrifta eller næringa. For Porter er marknadskompetanse, teknologikompetanse og nettverk viktigare for framgangen til ei bedrift enn tilgangen på billige råvarer og arbeidskraft. Han viser til suksessen til eit råvare- og energifattig land som Japan for å underbygge denne påstanden. Porter synte av mange suksessfylte klynger var lokaliserte i same by eller region, og han gav støytten til ei rekke klyngestudiar i mange land på 1990-talet.

I ein heilt ny artikkel, der Porter syner kor viktige regionale næringsklynger er for innovasjon og økonomisk vekst i USA, spør han også kva konsekvensar funna hans har for utforminga av regionalpolitikken. Det kokar han ned til tre enkle råd. Det første rådet er dette: Overlat i hovudsak utforminga av regionalpolitikken til regionane sjølve. Nasjonal politikktutforming er ikkje tilstrekkeleg for å ta vare på regionale fordelar. Det andre rådet er retta til regionane sjølve, og lyder slik: Sats på alle dei klyngene der de allereie har synt at de har ein posisjon, og er i stand til å konkurrere. Det er ein betre strategi enn å prøve å skifte til andre klynger som er på moten for tida. Det tredje rådet er at ein må satse mykje på å bygge opp innovasjonskapasiteten i regionen.



I den nye økonomien er det altså slik at det regionale nivået blir viktigare, ikkje mindre viktig. I mange land finn vi no ei sterk vekt på regionale partnerskap mellom bedrifter, styresmakter og andre organisasjonar i utforminga av næringspolitikken. Dette kan oppfattast som eit svar på den utfordringa som blir skissert av Porter og mange andre som har analysert særtrekka ved den nye økonomien.

### **Norske regionar som utviklingsaktørar**

Korleis har så vårt land rusta seg for å møte dei nye regionalpolitiske utfordringane? I regi av forskingsrådprogrammet Regional utvikling har eg dei siste åra studert dette i lag med andre forskarar. Ei rekke av bidraga frå programmet kjem no i bokform med tittelen "Det regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg", redigert av Roar Amdam og meg sjølv (Amdam og Bukve 2004). Det regimeskiftet vi er opptekne av, er skiftet frå eit fordelingsregime til eit utviklingsregime.

Ved første augekast kan det sjå ut til at Noreg er på bana. Vi har vore alt vore inne på korleis fylka har blitt pålagde å lage regionale utviklingsprogram, og at dette skal skje i partnerskap mellom styresmakter på ulike nivå og næringslivet. Også her i landet er målet å utvikle tillitsbaserte nettverk og partnerskap mellom styresmakter og næringsliv. Men studiane i boka (Bukve 2004a, Gjertsen og Halkier 2004) syner eit heller blanda bilde av korleis dette har gått. Næringslivet har i avgrensa grad interessert seg for dei obligatoriske partnerskapa som staten har pålagt fylkeskommunale og statlege utviklingsorgan i fylka å opprette. Dette betyr ikkje at det ikkje finst ansatsar til regionale utviklingsnettverk i dei norske regionane. Men desse er ikkje nødvendigvis kopla på dei offentleg initierte partnerskapa som regionane er pålagde (Bukve 2004a).

Samstundes er det slik at staten held igjen på viktige felt. Fylka er i hovudsak avhengige av dei årlege tildelingane til regional utvikling over statsbudsjettet. Rammene har blitt trongare år for år, realløyvingane i fjor var berre 40% av nivået ti år tidlegare. Dette gjev lite handlingsrom for fylkeskommunane som utviklingsaktørar.

Staten opptrer med klare føringar og forventningar til prioriteringane i fylka, men utan at desse er avtalebaserte og utforma i fellesskap mellom aktørane på ulike forvaltningsnivå. Slik blir det mykje kopiering av nasjonale satsingar i utviklingsprogramma. Heller ikkje i godkjenninga av fylkesplanane legg staten opp til ei dialogbasert samarbeidsform (Amdam 2004). Staten har problem med å gje slepp på den hierarkiske tradisjonen frå den norske einskapsstaten.

Når fleire fylke i det siste har lagt opp til omfattande forsøk med nye regionar og ønskjer å få større mynde over det regionale utviklingsarbeidet, er svaret frå Kommunaldepartementet ei klar innsnevring av kva regionane får lov å gjere.

Både Vestlandsrådet, der dei fire Vestlandsfylka er med, og trefylkesamarbeidet mellom Buskerud, Telemark og Vestfold har utforma ambisiøse program for nye regionar med eit breitt utviklingsansvar (Bukve 2004b). Vestlandsrådet har blinka ut næringsutvikling, samferdsle, kultur og internasjonalt arbeid som sine arbeidsområde. Satsingsområda for trefylkesamarbeidet i "Vest-Viken" er regional planlegging, næringsutvikling og samferdsle. Dei to regionsamarbeida går ulikt fram.

Vestlandsrådet er på mange måtar konstruert som ein dynamisk prosess heller enn som ei veldefinert eining, Vedtektene seier lite om oppgåver. Det er opp til rådet sjølv gjennom sine handlingsplanar å forme vegen for rådet. I motsetning til dette har trefylkesamarbeidet allereie frå starten formulert ein ny region med eit direktevalt regionting som det langsiktige målet. Men begge regionane har møtt staten som bremsekloss. I meldinga om godkjenning av forsøk etter forsøkslova sa Kommunaldepartementet at det vil ikkje bli gitt løyve til forøk med ansvaret for regional næringsutvikling og planlegging. Vestlandsrådet bøygde i første omgang av, Vest-Viken utfordra departementet og fekk nei. I dag står regionane att med nokre avgrensa forsøk på samferdsleområdet. Kommunalministeren og regjeringa fryktar tydelegvis å opne for sterke regionar som kan utfordre den nasjonale makta.

I tillegg til den kontante stoppordren for regionforsøka må fylkeskommunane leve med uklare og skiftande styringssignal på mange felt. Staten kan i dag ikkje oppfattast som

ein forhandlings- og dialogorientert samarbeidspartnar for regionane. Og dette problemet stikk djupare enn at staten heng att i tradisjonelle og hierarkiske samarbeidsformer. Rett nok er det vedteke at fylkeskommunane sin innsats som regionale utviklingsaktørar skal evaluerast før valet i 2007. Men mitt inntrykk er at dagens regionminister, frå eit parti som har til mål å avskaffe det folkevalde regionnivået etter valet i 2007, spelar eit strategisk spel for å hindre at regionane og regionpolitikarane får større makt over politikkkutforminga her landet. I Nationen den 8. desember i fjor gjekk ho langt i å stadfeste dette inntrykket. I dag er det statlege nivået langt på veg ei hindring for eit regionalpolitisk utviklingsregime i Noreg.

Det ser ut til at norske regionpolitikarar må ta på seg denne oppgåva på eiga hand. I det kan dei berre lykkast dersom dei skaper breie og beredyktige alliansar mellom ulike politiske, sosiale og økonomiske krefter i regionane. Eg er lite i tvil om at kunnskaps- og informasjonssamfunnet krev aktive politikarar som er i stand til å bygge regionale nettverk og innovasjonsmiljø mellom ulike aktørar. Til dette trengst det handlekraft. Og det er ikkje sikkert at dei etablerte fylkesgrensene er det rette nivået for å bygge utviklingsdyktige norske regionar. Tvert om er eg redd for at dagens fylke er for små til å handtere mange av dei store samfunnsproblema.

Den store utfordringa for regionpolitikarane blir dermed å drive fram det offentlege ordskiftet og dei offentlege avgjerdsprosessane om mange saker som er viktige for fylket og for regionen, men utan at nokon har gjeve dei eit eksklusivt mandat til å vere dei som skal ta avgjerder om desse tinga. Og dei må ha mot til å sjå at kanskje bør mange av oppgåvene eigenleg løysast på eit anna geografisk nivå enn det som dei no er valde til å representere.

Dei kan heller ikkje vente med å handle som regionale utviklingsaktørar til nye regionale strukturar og institusjonar er på plass. Dei må gjere ein utviklingsretta jobb her og no, sjølv om rammevilkåra ikkje er dei beste. Og i tillegg må dei vere i stand til å setje dagsorden i den langsiktige debatten om regionnivået si framtid og korleis det skal organiserast. Det er store krav. Men det er også store spørsmål dei har i hendene.

Det trengst både kreativitet og handlekraft om ein skal løyse den klemma som den regionale utviklingspolitikken er låst i i dag!

## Litteratur

- Amdam, R. 2004. "Fylkesplanlegging som nasjons- eller regionbygging?" I Gammelsæter, Bukve og Løseth (red.). *Nord-Vestlandet – liv laga?* Ålesund, Sunnmørspostens forlag.
- Amdam, R. og O. Bukve (red.) 2004. *Det regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg*. Trondheim, Tapir forlag.
- Bukve, O. 2001. *Lokale utviklingsnettverk. Ein komparativ analyse av næringsutvikling i åtte kommunar*. Avhandling for dr. philos.-graden ved det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Bergen. Rapport 76, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Bukve, O. 2004a. "Funksjonsfordelingsstrid og regionaliseringsinitiativ. Mot ein norsk regionalisme?" I Amdam og Bukve (red.) 2004. *Det regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg*. Trondheim, Tapir forlag.
- Bukve, O. 2004b. "Partnerskap og utviklingsnettverk på fylkesnivået" I Amdam og Bukve (red.) 2004. *Det regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg*. Trondheim, Tapir forlag.
- Florida, Richard 2002. *The rise of the creative class - and how it's transforming work, leisure, community and everyday life*. New York, Basic Books.
- Gjertsen, A. og H. Halkier 2004. "Regional utvikling og partnerskap – et komparativt blick på norske og danske erfaringer." I Amdam og Bukve (red.) 2004. *Det regionalpolitiske regimeskiftet – tilfellet Noreg*. Trondheim, Tapir forlag.
- Granovetter, M.S. 1973 "The strength of weak ties", *American Journal of Sociology*, vol. 78
- Porter, M. 1990. *Competitive Advantage of Nations*. London, MacMillan.
- Porter, M. 2003. "The Economic Performance of Regions", *Regional Studies*, vol.37, no.6/7, s. 549-578.